

Førde 28.06.18

Fylkeskommunen

v/Samferdsleavdelinga

Eg reiser fra Sandane til Førde t/r. 5 dager i veka.

Eg står opp klokka 5 om morgningen, og bussen går klokka 6.10. Det at det skal stå på ein høgtaler med ei damestemme som fortel oss om neste holdeplass på alle bussstoppa nedover til Førde, er eit så stort irritasjonsmoment at det er nesten ikkje til å halde ut.

Vi som reiser kollektivt til og fra jobb, gjer det fordi at vi kan få sove på bussen, (vi står opp tidleg) og vi tenker miljø, dersom dette skal forsette vil vi heller køyre bil i staden for å ta buss, da vi får ikkje sove likavel

Er klar over at der har vore ei klage pga ein person som er blind, og ikkje kom seg av på rette plassen. Veit og at bussjåførane kan få bot om dei ikkje har på denne høgtalaren.

Det må vel kunne ordnast slik i desse tider at dei personane som treng det, kan få koble på med øyreplugger som kan sei til nettopp dei, alle disse holdeplassane. Bussane bør kunne bli innreia slik. Eller at det er et gps system, kobla opp imot billettane som viser når tid den enkelte skal av, slik at ein ikkje får alle holdeplassane opplest. I disse" app tider", så skulle det kanskje kunne ha vore ein app som ein blind kunne ha på sin telefon som kunne varsle han.

Eg synest og synd på bussjåførane som må høyre på dette heile dagen. Har HMS vore inne i biletet her?

Seinast i dag var det ei dame som reiste med bussen, som ikkje er pendlar. Ho synest det var heilt forferdelig og høyre på. Det tek bort litt av gleda med å reise med buss sa ho.

Eg har spurt bussjåføren om å skru av eller ned lyden, men det er likevel så høgt at sjølv med øyrepopper så høyrer ein det.

Håper at dette kan fjernast, og at det er mulig å få til alternative hjelpemiddel for dei som treng det. Vi er mange pendlarar som synest at dette er heilt forferdelig.

mvh

Oddny Grotle Føleide

